

# Vedlegg II

BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,  
5282 LONEVÅG.  
Tlf. 91186782.

Lillian Bjørnseth og Sigurd Revheim,  
5282 Lonevåg.

## GAMLAHUSET PÅ HAUGANE.

Rapport om arbeid gjort i perioden 03. 03. - 01. 07. 2016.

### Taka.

Bygde ekstra solid og breidt stilas rundt heile huset. Gamal skifer vart teken ned på stilaset. Planen var å lagra han der til turvande vøling av sperr og sutak, leggjing av sutaksplater, nye takrenner rekker og lekter var ordna.

Berre ei sperr måtte bytast. Never og torv låg på taket under skiferen. Torva fjerna me, nevra ligg framleis. La nye spikerslag over nevra på kvar sperr og sutaksplater opp på spikerslagå. Nye tretakrenner på båe sider av huset. Feder og lekter var 1,5 x 2" god alfura. Traket var svert sige, det vart mykje retting før me kunne lekta.

Skytja i sør måtte få eiendel nye sperr, nytt sutak og D-glass.

Torvtaket på skytja i nord fekk nye vindskier og beslag på kanane.

Ein god del av skiferen var svert forvitra, han var ikkje brukande. Fekk ikkje tak i nok skifer av same storleik ( 10 x 16"), kjøpte 12 x 18" skiferheller til heile huset på Sekkingstad på Sotra. Remser og kaneheller kjøpte eg nye hjå Voss Skiferbrot. Alt månte hentast med bil og tilhengjar. Vel 6 tonn, mykje lemping og kjøring.

Den gamle skiferen måtte takast ned og "ny" opp. Deretter la me skiferen. Taket vart fint.

### Kledningen.

Måtte byta ein god del kledning i vest ( ikkje planlagt)

Bytte all kledningen i søre gavlen.

Kledningen i aust er gamal. Bytte dei dårlegaste borda nedst. Jamvel om det er på austersida, har vatnet trekt inn i endane på kledningen og skada borda der, la bord som dekte endane.

All ny kledning er tjørebreidt 3 - 4 strok, gamal kledning i vest fekk 2 strok. Dei gamle borda i aust vart tjørebreidde der dei var dårlege. Brukte 100 liter tretjøra/ kokt linolja.

Den eldste kledningen i aust har stude på huset sidan 1833, men borda har vore brukt før den tid. Total alder uviss.

### Ytterdører og vindaugo.

Ny dør til svola, døra til potekjellaren kunne vølast-

Alle vindaugskarmane i vest restaurert på staden. Det som var dårleg vart teke vekk og ny, sers god, alfura limt og skrua på. Mykje arbeid.

Vindauga i søre gavlen vart bytt. Vindaugsramene i vest er tekne ut og levert til Knut Hamre i Etne for restaurering. Knut Hamre har ventetid.

### Grua og skorsteinen.

Var ein god del muringsarbeid på skorsteinen over taket. Fleire av kragene som skulle leida vatnet var lause. Dei er no lagt på plass att i skorsteinen og pinna godt fast.

### Innvendig arbeid.

Ovnen er restaurert, men utan røykrøyr til skorsteinen, enno.

Utelemsgolvet er retta opp og heva slik at stovedøra går heilt opp.


Stovedøra er retta opp slik at ho passar i karmen.

Låsen på lofts døra er smurd og krampen ordna slik at ho går i lås.

Golvet i gongen er vølt, det ligg steinheller framfor grua.

Alle roma er vaska og rydja.

Revheim 01. 07. 2016.

Rune Revheim  


**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,**  
5282 LONEVÅG.  
Tlf. 91186782.

Lillian Bjørnseth og Sigurd Revheim,  
5282 Lonevåg.

**GAMLAHUSET PÅ HAUGANE.**

**Ugjørt arbeid.**

**Taka.**

Pannetaket og dekslebord på skytja i sør manglar.

Fjerning av dei gamle tretakrennene i vest.

Vekkrydjing av gamal skifer.

Nedløpskjettingar på takrennene.

**Ytterdører og vindaugo.**

Vindaugsramene i vest er til restaurering hjå Knut Hamre i Etne. Dei kjem ikkje att før seinhaustes.

Då må hengsla tilpassast og ramene setjast på plass i karmane att.

**Grua og skorsteinen.**

Røykrøyra frå ovnen i stova manglar. Brandtmuren i stova på vølast før ovnen kan brukast.

Opphengjet for skjeringane i grua må lagast nytt.

**Stovelemmen.**

Foring og listing rundt vindauga på stovelemmen manglar.

Ny dør til stovelemmen.

Revheim 01. 07. 2016.

Rune Revheim.

